

Årsmelding 1998



Berte Kanutte-huset, den nye
hovudbygninga, vart teke i bruk ved
semesterstart 1998.



Høgskulen i Volda

Innhold

Rektor	s. 3
Høgskuledirektøren	s. 4
Avdeling for humanistiske fag	s. 5
Avdeling for lærarutdanning	s. 6
Avdeling for mediefag	s. 7
Avdeling for samfunnsfag	s. 8
Forskings- og utviklingsarbeid	s. 9
Undervisning og opptak	s. 10
Etter- og vidareutdanning	s. 11
Biblioteket	s. 12
Informasjonsteknologi	s. 13
Personalkontoret	s. 14
Bygg og anlegg	s. 14
Nytt økonomisystem	s. 15
Kommentarar til rekneskapen	s. 16
Rekneskapen 1998	s. 17
Om Berte Kanutte-huset	s. 18
Styret	s. 19

Rektor

Den faglege profilen i utdanningstilboda ved Høgskulen i Volda har ikkje blitt endra vesentleg etter samanslåinga i 1994. Vårt særpreg er ein spesiell kombinasjon av profesjonsutdanningar og fagstudium, der humanistiske og samfunnsvitskapelege fag dominerer. Styret for HVO har understreka at det blir ei viktig oppgåve å arbeide for ei sterkare prioritering av den faglege verksemda, og utvikle ein meir spissa fagprofil, der knutepunkta bør fungere som samlande faglege satsingsområde på tvers av avdelingane. Det bør også satsast meir på etter- og vidareutdanning, og utarbeidast ein plan for denne satsinga.

Nytt praktbygg

I 1998 kunne Høgskulen i Volda ta i bruk eit særprega nytt høgskulebygg. Vi har sett fram til nybygget med store forventningar, og kan konstatere at det langt på veg har svart til forventingane. Nybygget har ført til store forbetringar når det gjeld rom-situasjonen. Det som er mest iaugefallande, er areala for kantine, bibliotek og viktige servicefunksjonar for studentane, som har fått ein heilt annan standard enn vi har hatt før. Desse lokala har kvalitetar som skaper trivsel og svært gode vilkår for viktige funksjonar ved høgskulen. Vi har dessutan fått nye undervisningslokale og kontor for administrasjon og fagleg tilsette. Etter at hovudbygget var fullført, har det blitt arbeidd vidare med ombygging av delar av den gamle bygningsmassen. Her står det enno att ein del arbeid før heile byggeprosjektet er fullført. Vi har no fått samla bygningsmassen innanfor eit rektangel der største avstand mellom ytterpunkta er under 1 km. Fysisk kan vi no seie at vi er ein høgskule i Volda.

Fagleg satsing

Tyngdepunktet i utdanningstilbodet ved HVO er innanfor dei prioriterte fagområda allmenn- og førskulelærarutdanning og

sosialfaglege utdanningar. Vi har dessutan utdanningstilbod innanfor mediefag og kyrkjefag som er spesielle i nasjonal samanheng. Fagstudia i språk, historie og pedagogikk og årsstudia i lærarutdanningane, med eit sterkt innslag av praktisk-estetiske fag, gir eit samla fagmiljø med stor breidd og djupn innanfor humanistiske og samfunnsvitskapelege fag. Dette gir høgskulen ei evne til omstilling som viser seg i utvikling av nye studietilbod heilt opp på hovudfagsnivå. Det er grunn til å tru at denne evna vil bli sett på prøve i åra som kjem.

Utdanningane i kommunalfag kvalifiserer for planarbeid, forvaltningsarbeid og leiarfunksjonar i kommune-Noreg. På dette feltet har det blitt arbeidd mykje med sikte på å leggje til rette for ein utdanningsmodell som kan gi ein cand. mag.-grad i samfunnsplanlegging. Vi har no fått godkjent ei treårig utdanning i kommunal planlegging og administrasjon, og ei eittårig vidareutdanning i kommunal organisering og leing. Vi arbeider på grunnlag av desse planane med å utvikle eit toårig mastergradsstudium i samfunnsplanlegging, og har søkt departementet om løyve til å utprøve eit slikt studium frå hausten 1999.

Medieutdanningane har svært god søking, og er blant dei utdanningane som har den høgste opptaksgrensa i heile landet. Høgskulen har fått tildelt knutepunkt-funksjon i mediefag, særleg knytt til radio- og fjernsynsjournalistikk. Avdeling for mediefag har utarbeidd eit omfattande grunnlagsnotat om knutepunktsatsinga, og

arbeider aktivt for å utvikle fagkompetansen på feltet. Vi har fått tildelt professorstillingar og tre stipendiatstillingar som skal knytast til knutepunktet. Høgskulen tek sikte på å halde god kontakt både med mediebransjen



og medieforskarmiljøet. I samarbeid med universitetet i Trondheim (NTNU) og Høgskolen i Lillehammer har vi inngått ei avtale om hovudfag i filmvitskap. Det er også etablert eit samarbeid med SHKS og Kunsthøgskolen i Oslo. Dette samarbeidet vil bli vidareutvikla med tanke på hovudfagssamarbeid for animasjonsstudantar frå hausten 1999.

Høgskulen har også eit knutepunkt i nynorsk skriftkultur. Arbeidet med å byggje opp dette knutepunktet er lagt til eit eige institutt som har fått namnet Ivar Aasen-instituttet. Instituttet er no organisert som ei eiga eining under styret, og har sitt eige instituttstyre. Det blir i tillegg etablert eit tverrfagleg fagråd for instituttet med representantar for aktuelle eksterne fagmiljø, m.a. Ivar Aasen-stiftinga og Ivar Aasen-tunet. Instituttet har fått tildelt to professorstillingar og ei professor II stilling. Det er mellombels tilsett ein professorstipendiat, ein høgskulelektor og ein professor II for å byggje opp den faglege aktiviteten ved knutepunktet. To stipendiatstillingar har blitt knytte til instituttet. Instituttet har kome godt i gong med oppbygging av eit fagleg kontaktnett, både nasjonalt og internasjonalt. Instituttet arbeider med planar om eit tverrfagleg hovudfag i kulturstudiar, som kan bli ei påbygging både for ulike fagstudium og for studantar med bakgrunn i profesjonsutdanningar.

Kurs, etter- og vidareutdanningsverksemda ved høgskulen har vore aukande gjennom fleire år. Vi ser på denne verksemda som stadig viktigare i høgskulens totale engasjement. Det siste året har det vore



Høgskuledirektøren

arbeidd med fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid, for å styrke motivasjonen og prioriteringa av etter- og vidareutdanning. Vi tar sikte på å utvikle nye tilbod, og i sterkare grad ta i bruk ulike modellar for kombinerte studium og fjernundervisning og IT-teknologi. I samband med L-97 opppstod eit sterkt behov for etterutdanning for lærarane. Høgskulen i Volda har tatt på seg eit omfattande ansvar for å gi tilbod om kompetanseoppbygging for alle kommunane i Møre og Romsdal. Dette tiltaket viser korleis HVO kan dekke eit regionalt etterutdanningsbehov på ein systematisk måte.

Nettverksbygging

Høgskulen har framleis eit stykke å gå når det gjeld engasjement i internasjonalt samarbeid. Vi har etablert samarbeid med høgskular og universitet i Litauen, India, USA, Danmark og Sverige. I 1998 har det særleg blitt arbeidd med eit internasjonalt nettverk i tilknytning til Ivar Aasen-instituttet og knutepunktet i nynorsk skriftkultur. Det er etablert kontakt med to institusjonar i Finland, tre i Storbritannia og to i Sverige som vil delta i nettverket. I tillegg til samarbeidsrelasjonar på det institusjonelle nivået, har fleire av dei fagleg tilsette eit omfattande internasjonalt samarbeid.

Kompetanseutvikling og Fou

Det har i fleire år vore satsa medvite på kompetanseoppbygging i fagpersonalet, og mange er i gang med doktorgradsarbeid. Siste året har to tilsette disputert, og to har fått professorkompetanse. Fleire har fått førstekompetanse, og det er fleire som har fullført hovudfagsutdanning. Satsinga på kompetanseoppbygging har gitt resultat, og HVO plasserer seg blant dei beste høgskulane når det gjeld kompetansenivået i personalet.

Tilsette ved HVO deltek i fleire større forskingsprosjekt som inneber samarbeid med andre forskingsinstitusjonar både nasjonalt og internasjonalt. Høgskulen er altså ein institusjon innanfor eit nasjonalt Norgesnett for høgre utdanning. Men vi vil også vere eit kompetansesenter for regionen, og tek sikte på å utvikle samarbeidet med politiske styresmakter, næringsliv, offentlig sektor og samfunnsliv for betre å kunne fylle vår regionale rolle. Det inneber at vi må gi eit utdanningstilbod og drive FOU-verksemnd som tar opp viktige utfordringar i vår region.

Gunnar Stave
rektor

Igjen har vi lagt bak oss eit år der mange store og små hendingar har prega bildet. Nokre saker har vorte avslutta, nokre har både starta og blitt avslutta, og atter andre har starta utan at vi enno ser slutten.

Administrativt kan det sjå ut til at fleire nye saker dukkar opp enn det vi greier å avslutte, og dette aukar presset på dei tilsette. Det stadig aukande presset gjer noko med oss, både når det gjeld omgangsform og arbeidsstil. Mellom anna blir det mindre tid til mellom-menneskeleg omgang og samtale, og dette kan igjen føre til fleire mistydingar og spenningar. Det stiller større krav til toleranse og forståing samstundes med at disponibel tid til slikt arbeid minkar. Det kan ofte bli slik som ein av mine førelesarar ved NHH i Bergen sa: «Det er viktig å sjå problema djupt i augo, og så gå raskt vidare». Dette har vi innsett, og har m.a. starta opp eit prosjekt som vi kallar «Administrativt utviklingsprosjekt», der vi skal sjå på arbeidsfordelinga og organiseringa av administrasjonen.

Milepelar

I dette året vart det nye økonomireglementet og det nye økonomisystemet sett i operativ drift ved HVO. Det nye reglementet er svært omfattande og har fleire dimensjonar – sjølve reglementet, funksjonelle krav, hovudreglar for økonomiforvaltninga (vedtekne av styret) og økonomisystemet (Agresso). Vi har m.a. blitt sjølvstendig rekneskapsfører, og har overteke dette ansvaret frå skattefuten. Dato for iverksetjing var 01.07.98 og det førte med seg at vi dette året har to ulike rekneskapsystem og ansvarsregimer. Både det nye økonomisystemet, fullmaktsystemet og det øvrige regelverket skaper mykje ekstraarbeid både i gjennomføring og operativ drift, men vi har enno ikkje nådd fram overfor KUF når det gjeld å få auka ressursar til dette meirarbeidet. Prosjektet har vore leia økonomisjef Leiv Myklebust og prosjektleiar Edel Vatne Roald.

Endeleg har vi fått flytta inn i eit nytt hus, Berte Kanutte-huset, på 8000 kvm. Innflyttinga skjedde i juni/juli, og den offisielle opninga med mange gjestar var 30.09.98. Då hadde vi både sentrale folk frå KUF, Statsbygg, innbodne gjestar og våre egne på plass. Dagane før hadde vi både ope hus for regionen og fest for alle tilsette og studentar i nybygget. Også semesteropninga 25.08.99 fann stad i Berte



Kanutte-huset. Eit stort fysisk mål er dermed nådd.

Av andre milepælur vi eg kort nemne:

- Styrevedtak om røykfri høgskule
- Styrevedtak om etablering av student bokhandel i Ivar Aasen-huset
- Utarbeiding av HMS-plan og handbøker for alle husa
- Nye datasystem er tekne i bruk – digitalt arkiv, windowsbaserte system i studieadministrasjonen, nytt e-postsystem
- Styrevedtak om rammeplan for samarbeid mellom HVO og Møreforskning
- Tilsetjing av ny studiesjef – Bjørg Nedregotten
- Nytt alternativ for studenthus har kome på bana (Tussabygget)

Elles har året vore hektisk både p.g.a. sakene som er nemnde ovanfor, og fordi vi er inne i ein heilt ny situasjon med minkande ungdomskull og stor kapasitet på mange av dei sentrale utdanningane. Konkurransen om studentane har starta og er hard. Dette stiller nye krav til marknadsføring, studiekvalitet og strategi. HVO har sterk posisjon i marknaden, men merkar no for alvor at vi slit med måltalsoppfylling. Dette må vi vente blir enno meir utprega i åra som kjem. Til slutt vil eg, også i år, takke alle, både fagtilsette og administrativt tilsette, for godt og konstruktivt samarbeid i året som har gått, og ser fram til komande år med spenning og forventning.

Jan Driveklepp
høgskuledirektør

Avdeling for humanistiske fag

Undervisning og studentar

Avdeling for humanistiske fag (AHF) omfattar fagutdanningar i språk, litteratur og historie, og er organisatorisk inndelt i fageiningane Engelsk institutt, Historisk institutt, Nordisk institutt og Tysk institutt. Fagutdanningane i engelsk, historie, norsk og tysk er på universitetsnivå, m.a. med mellomfag og storfagstillegg i nordisk og historie.

Faglege fellesnemnarar i AHF finn ein i tema som lingvistik, litteraturvitskap, framandspråkoppføring og koplinga mellom språk- og litteraturhistorie og regional historie. Avdelinga har 30 tilsette og nærare 500 studentar, og ein del av undervisninga er ved lærarutdanninga ved HVO (engelsk og norsk). I tillegg til den ordinære undervisninga deltek AHF-tilsette i HVO si kurs-, etter- og vidareutdanningsverksemd. I 1998 har aktiviteten vore stor når det gjeld oppfølging av L97-reformen og etterutdanning av grunnskulelærarar i Møre og Romsdal. Omlegginga til ny fireårig modell for almennlærarutdanninga har også prega verksemda ved AHF i 1998.

Forskning og fagutvikling

Fagpersonalet ved AHF deltek i FoU-samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og utland. Avdelinga har høg kompetanse m.a. innanfor nynorskforsking (språk, litteratur og kultur), og fagtilsette har delteke i oppbygginga av Ivar Aasen-instituttet, som er tildelt knutepunkt-funksjonen for nynorsk skriftkultur innanfor Noregsnett. Fleire ved avdelinga har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre doktorgradsprogram. Elles er tilsette ved AHF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd, forskingsråd, konferansar, utgreiingsutval, m.m.

Tilsette ved Engelsk institutt (4 stillingar) har dei siste åra m.a. utarbeidd lærebøker og undervisningsopplegg for grunnskulen. Eit anna FoU-prosjekt har vore bruk av litteratur i engelskundervisninga i grunnskulen. Det har også vore utført fleire konsulentoppdrag for forlag, i tillegg til oversetjingsoppdrag både internt og eksternt.

Alle tilsette ved Historisk institutt (5 stillingar) har drive aktiv forskings- og publiseringsverksemd i 1998, m.a. med prosjekta: ny lærebok i norsk historie 1860-1914, bygdebøker for Volda, regionsoge for Nord- og Midhordland, eit prosjekt om

kultur, økonomi og region, forprosjekt for bygdebøker for Sula og for Lom, utvikling av undervisningsmaterieell om EDB i historiefaget, og småborgerskapets historie ca. 1790-1914.

Nordisk institutt (14 stillingar) deltek i nordisk samarbeid med høgskular i Danmark og Sverige om lærarutdanning gjennom NORDPLUS. Eit anna samarbeidsprosjekt er om namnegransking og eitt om norsk og nynorsk i USA. Av konkrete FoU-prosjekt kan nemnast: innsamling og registrering av regionalt kjeldemateriale, publisering av uprenta Aasen-materiale, populærkultur/-litteratur og andre litterære studiar, arbeid med nordisk kvinne-litteraturhistorie, og faghistorie. Doktorgradsarbeid i 1998 er m.a. norskfagets historie i primærutdanninga, Ibsen i Lacansk lys, om Dag Solstad, analyse av Vesaas: «Is-slottet», nylesing av Ronald Fangen, om Ivar Aasens fonologiske metode, om psykoanalyse av tekst og ei evaluering av «Prosjekt medieverkstad».

Tysk institutt (4 stillingar) har utvikla internasjonale faglege kontaktar og prosjektsamarbeid t.d. eit større prosjekt om språk og informasjonsstruktur og innan eit prosjekt om indoeuropeisk ordstruktur. Vidare blir det arbeidd med lærebøker, doktorgradsprosjekt i Günter Grass' prosaverk og tysk samtidshistorie.

Formidling og samfunnskontakt

AHF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike

offentlege organ og ideelle organisasjonar. Fleire av dei tilsette deltek i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd, med å stille til rådvelde kjeldemateriale og ved å delta som ressurspersonar i ulike lag og stiftingar. Institutta ved AHF har i 1998 arrangert fleire opne seminar og forelesingar. Norskstudiet for utanlandske studentar (NUS) har gitt mange kontaktar med utanlandske universitet og høgskular. Fagtilsette ved Historisk institutt har stått for redaksjonen for det lokalhistoriske tidsskriftet Heimen, og ein av dei tilsette har på vegner av datautvalet til Norsk Lokalhistorisk Institutt oppdatert og vidareført ei Internett-side for lokalhistorikarar som m.a. inneheld diskusjonsforum og ressurside.

Satsingsområde

Av særlege satsingsområde og vidare planar kan nemnast: etablering av mellomfagstillegg i engelsk og tysk, tilpassing av grunnfaga som valfag i 4. året i lærarutdanninga, og sterkare satsing på kurs-, etter- og vidareutdanning, m.a. ved planlegging og utlysing av eit 5-vekttalsemne om EDB i historiefaget og desentralisert norsk grunnfag i Nordfjord-regionen. AHF-tilsette har i 1998 delteke aktivt i planlegginga av eit tverrfagleg hovudfagstilbod i kulturstudiar, tematisk plassert innanfor knutepunktet nynorsk skriftkultur. Fagfolk frå AHF, i samarbeid med Avdeleing for mediefag og Avddeling for lærarutdanning, står også sentralt i utviklinga og igangsetjinga av grunnfag/årseining i mediekunnskap, som etter planen skal startast opp hausten 1999.



Avdeling for lærarutdanning

I 1998 hadde avdelinga følgjande fagseksjonar: drama, forming, kroppsøving, matematikk, musikk, naturfag, pedagogikk og samfunnsfag. ALU hadde 59,5 faglege stillingar og ein administrasjon med kontorsjef og tre førstekonsulentar. Avdelinga har hatt dekanus i full stilling, og har oppretthalde studieleiarfunksjonen for allmennlærer- og førskulelærarutdanningane, kvar i 50% stilling, for å sikre samanheng og heilskap i desse profesjonsutdanningane. For å utvide aktiviteten innanfor etter- og vidareutdanninga har avdelinga også engasjert ein fagleg koordinator i 50% stilling innanfor dette feltet.

Undervisning og studentar

Avdeling for lærarutdanning har i 1997 gjeve følgjande profesjonsretta studietilbod: fireårig allmennlærarutdanning (om lag 130 studentar pr. årssteg), treårig førskulelærarutdanning (om lag 100 studentar pr. årssteg, ei ekstra gruppe på om lag 35 studentar i andre årssteg), og eittårig praktisk pedagogisk utdanning for allmenne fag (om lag 30 studentar).

I tillegg har avdelinga gjeve følgjande profesjonsretta studietilbod desentralisert til Kristiansund: førskulelærarutdanning deltid over 4 år (om lag 35 studentar), praktisk pedagogisk utdanning for yrkesfag, deltid (om lag 35 studentar).

ALU har i 1998 gjeve følgjande fagstudium innanfor ordinært budsjett: drama (10 vektal), forming (20), informatikk (10), kroppsøving (20), matematikk (20), musikk (20 – 40), naturfag (20), pedagogikk grunnfag (20), spesialpedagogikk 1. avdeling (10) og pedagogisk arbeid på småskulesteget (10).

I 1998 kunne vi for første gong tilby pedagogikk mellomfag. Samarbeidet med NTNU om å tilby undervisningsdelen til spes.ped. hovudfag, har vore intensivert, utan at vi har lukkast så langt.

Avdelinga har synt etter måten stor aktivitet i 1998, då høgskulen har tilbode desentraliserte, avgiftsfinansierte studietilbod i vår region. Mellom anna har avdelinga gjeve Praktisk pedagogisk utdanning i samarbeid med Folkeuniversitetet i Møre og Romsdal lokalisert til Ålesund og "Arbeidslivskunnskap med vekt på næringsutvikling og distriktsaktiv skule" i samarbeid med kommunane på ytre søre Sunnmøre. I samarbeid med AV-senteret i Volda, har avdelinga tilbode Informatikk I (10) og

Informatikk II (10) over internett og med studentar over heile landet.

Avdelinga har vidareført etterutdanningsverksemda for lærarar i grunnskulen i samband med innføring av L97. Dette er den mest omfattande etterutdanningsverksemda lærarutdanningane i Volda nokon sinne. Så godt som alle kommunane i Møre og Romsdal får fagspesifikke kurs i dei fleste skulefaga frå hausten 97 til og med våren 2000 etter eit avtala fordelingsmønster. Vi har også gått inn i eit omfattande opplegg for leiarutvikling i skuleverket i nært samarbeid med Utdanningskontoret i fylket og Midt Norsk Nettverk.

Forskning og fagutvikling

Vi er vitne til ei aukande interesse for forskning i avdelinga. Dette året har det vore satsa spesielt på gjere førstelektor-kompetanse kjent blant dei fagtilsette, og å hjelpe og inspirere aktuelle personar til å arbeide fram mot slik kompetanse.

Av større forskingsarbeid som tilsette i avdelinga har slutført i 1998, nemner vi Lærarutdanning og spesialundervisning og Særvilkårselevar i vidaregåande opplæring under Reform 94.

Av større framføringar nemner vi "Spellemann på taket", eit samarbeid mellom fagmiljøa innanfor drama, forming og musikk. Dessutan framførte vi Bach's juleoratorium.

I 1998 har ein av fagpersonalet fått professorkompetanse (pedagogikk), tre har vorte vurderte kompetente til førstelektor-kompetanse (to i musikk, ein i samfunnsfag) og to har fått tilkjent kompetanse som høgskulelektor (Kunst og handverk og kroppsøving).

Internasjonalisering

Gjennom NORDPLUS har lærarutdanningane i Volda kontakt med Högskolan i Kalmar (Sverige) og Holbæk Seminarium (Danmark), og denne kontakta er utvida i løpet av året til å gjelde lærarvitjingar og studentutveksling begge vegar. Vi har også knytt kontakt med Washington College i USA og har fått i stand både lærarutveksling og studentutveksling. Vi legg opp til å utvide det internasjonale engasjementet i tida framover.

Satsingsområde

Lærarutdanningane i Volda er prega av eit breitt fagtilbod, der eit omfattande tilbod

innan praktisk-estetiske fag er eit særmerke. Til dømes kan nemnast at Høgskulen i Volda har eige kor, brassband og symfoniorkester (det einaste ved ein høgskule i landet), og desse har sin base både når det gjeld leing og deltaking i Avdeling for lærarutdanning.

Politiske signal viser at lærarutdanningane er blant dei studietilboda som skal prioriterast på landsplan. Den tidlegare gode søkinga til lærarutdanningane i Volda, har snudd dei siste par åra. Med stor underdekking av lærarar i landet, er det likevel lite tvil om at lærarutdanning vil vere prioritert på politisk hald i lang framtid.



Avdeling for mediefag

Undervisning og studentar

Avdelinga gir tilbod om to-årige, yrkesretta utdanningar i journalistikk, informasjon og animasjonsfilm. I tillegg har vi eitt-årig påbyggingsstudium i fjernsynsreportasje og dokumentar og gir desentraliserte tilbod om halvårseingar i mediekunnskap.

Avdelinga har studietilbod som får mange søkjarar med gode kvalifikasjonar. Det krevst høge poengsummar og avdelinga er godt nøgd med kvaliteten på studentane. Hausten 1998 var det vel 200 studentar ved vår avdeling. Avdelinga har 19,5 stillingsheimlar.

Avdelinga arbeider med å profilere alle yrkesutdanningane i forhold til ei felles, overordna målsetting der oppgåvene til media for og i eit demokratisk samfunns-system er det sentrale.

Forskning og fagutvikling

Avdelinga har valt anvendt forskning som profil på forskningsaktiviteten. Fleire knutepunktrelaterte forskningsprosjekt er i arbeid, også med ekstern finansiering. Av tiltaka som er gjennomførte i 1998, vil avdelinga særskilt peike på:

Forsknings- og utviklingsarbeid

- «Radiojournalistikk mellom teknikk og politikk»: dei første radioåra, av Ketil Jarl Halse.
- «Ord og uttrykk i norsk radiojournalistikk og Nynorsk i etermedia»: eit blick inn i faglitteratur og brukarhaldningar av Jon Peder Vestad.
- «Alt på grunn av ei lita mus»: en introduksjon til Walt Disney's animerte univers av Gunnar Strøm, gitt ut av Norsk film-institutt.
- «Tjuvar på same marknad?»: ei samling av innhaldet i Dagbladet, Verdens Gang, Se og Hør og Hjemmet av Johann Roppen.
- «CD-Med - visuell IT-basert pasientinformasjon»: pilotprosjekt for evaluering og marknadsanalyse, av Bjørg Nedregotten (red).
- «Mediekunnskap 4 - Avis». Lærebok for vidaregåande skule av Svein Brurås, gitt ut av NKI-forlaget.

Dei tilsette har levert kapittel til fagbøker og artiklar til tidsskrift og avisar, m. a.:

- «Framveksten av en norsk presse» i Norsk litteraturhistorie : sakprosa fra 1750-1995, av Øystein Sande.
- Gunnar Strøm har levert fleire artiklar om animasjon til Oslo animation festival og tidsskriftet Se.

Knutepunkttiltak

Høgskulen i Volda har knutepunktfunksjon i mediefag med særleg ansvar for radio- og fjernsynsjournalistikk. Dette er resultatet av ei bevisst satsing frå høgskulen si side for å profilere tilbodet ved HVO i forhold til dei andre utdanningsinstitusjonane i Noreg som har tilbod i mediefag. Avdelinga har tre doktorgradsstipendiatar.

Som særlege tiltak i 1998 kan avdelinga peike på:

- Radioseminar om utdanningskrav med deltakarar frå NRK, P4 og Radio 1.
- PFU-seminar (Pressens faglige utvalg) kombinert med ordinært møte i utvalet.
- Personalseminar og felles deltaking på Nordiske TV-dager i Bergen.

Formidling og samfunnskontakt

Tilsette i avdelinga har oppdrag også ved andre høgskular og universitet, i tillegg kjem deltaking i seminar og opplegg knytta til mediebransjen. Svein Brurås har til dømes hatt innlegg på Landskonferansen i Norsk Journalistlag, landsmøtet i Landslaget for lokalavisar, landsmøtet i Norsk Lokalradioforbund og Norsk Redaktørforenings vårmøte.

Ved deltaking i fora som Kringkastingrådet, Rådet for anvendt medieforskning og Tekstreklameutvalget er tilsette ved avdelinga med å gi innspill i aktuell, norsk mediepolitikk.

Avdelinga har god kontakt med bransje- og produksjonsmiljøa innan våre område i Noreg. Effektive praksisordningar og mange samarbeidsprosjekt/oppdrag med næringsliv og offentleg verksemd skaper tovegskontakt som gir god nytte for alle partar. Studentar ved informasjonsutdanninga tek på seg oppgåver med utgreiingar og presentasjonar for organisasjonar og offentlege institusjonar. Ved journalistutdanninga vert det kvar vår og haust produsert avis, radio og fjernsyn for lokalsamfunnet. Ein eigen versjon av avisa ligg på internettet.

I samarbeid med Filmforum Nordvest har avdelinga arrangert kurs i ikkje-lineær videoredigering for profesjonelle utøvarar og frilansarar i regionen.

Studentar ved studiet i fjernsynsreportasje og dokumentar har i samarbeid med avdelinga arrangert dokumentarfilmfestival i Volda. Det er lagt opp til at dette skal bli ei årleg hending.

Satsingsområde

For å styrke den teoretiske basisen for avdelinga vil avdelinga framleis satse på å etablere grunnfagsutdanning i medievitenskap ved HVO. Hausten 1999 kjem hovudfags-samarbeidet med Institutt for kunst og medievitenskap ved NTNU i gang.

Arbeidet med å konvertere frå analog til digital teknologi i øvingsproduksjonar vil halde fram, ei auka satsing på internettet som publiseringskanal for fleire av avdelinga sine produksjonar er ein naturleg konsekvens av dette.

Internasjonalisering

Det organiserte, internasjonale samarbeidet har først og fremst vore knytt til arbeidet i Den nordiske samarbeidskomiteen for journalistutdanning. Dette året var avdelinga vertskap for møtet i organisasjonen.

Samarbeidsavtalen med Department of Mass Communication & Journalism ved Mangalore University i India har resultert i utveksling av lærarar og studentar. Tilsette frå høgskulen har gitt undervisning i regional produksjon av fjernsynsnyheiter i India. Ei studentgruppe frå Volda har vore med til India for å utvikle fjernsynsforteljingar frå indisk daglegliv og kultur i lag med indiske studentar. Ei indisk lærargruppe med studentar var seinare på året gjestar ved Høgskulen i Volda.

Tilsette på animasjonsutdanninga har mellom anna presentert nordisk animasjonsfilm ved Bratislava International Animation Festival og leia fagseminar i Stockholm og Reykjavik.



Avdeling for samfunnsfag

Avdeling for samfunnsfag (ASF) tilbyr høgre utdanning innanfor Kommunal-fag, Kristendoms-kunnskap og kyrkjefag, og Sosialfag.

Studenter og undervisning

Studia ved ASF varer frå 1 til 4 år, og dei fleste utdanningane er retta inn mot administrativt arbeid innan offentleg forvaltning. Dette gjeld m.a. kommunal planlegging, kyrkjeverje- og sosionomutdanning. Avdelinga er i tillegg engasjert i ei rekke etter- og vidareutdannings- tilbod. Dette gjeld t.d. kombinerte trygdestudium, kurs i regional planlegging, og kurs i leing for offentleg tilsette. Det har vorte vedteke igangsetjing av eit prosjekt som skal styrke satsinga på etter- og vidareutdanning ved avdelinga. Dette prosjektet vart sett i gang mars 1998.

Studentmåltalet for Avdeling for samfunnsfag er 565.2 (1998), desse er fordelt med 255 på sosialfag, 210.2 på kristendoms-kunnskap og kyrkjefag og 100 på kommunalfag. Sosialfag og kommunalfag oppfylte måltala, medan kristendoms-kunnskap og kyrkjefag fekk tilslag noko i underkant av måltala. Kandidatproduksjonen i 1998 var også god. Avdelinga uteksaminerte t.d. 47 barne-vernspedagogar, 35 sosionomar, 29 kommunale planleggjarar og 6 kateketar.

Nye studietilbod

Det er i løpet av året arbeidd ut planar for nye aktivitetar. Det er utarbeidd fjern-undervisningskurs for kristendoms-lærarar, regionale kurs for lærarar i høve LR 97, kurseiningar i barn sine interesser i kommunal planlegging, kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning, rusproblematikk og forvaltningsrett på Internett for å nemne noko. I tillegg er det utarbeidd kombinert studieopplegg for første året på kommunalfag.

Studiekvalitetsarbeid

Kandidatundersøking

På oppdrag frå ASF fullførte Møreforskning Volda (MFV) i april/mai 1997 arbeidet med ei kandidatundersøking. Denne undersøkinga kartla arbeids- og utdanningsmarknaden kandidatane skal ut på kva, og kva som skjer med studentane etter at dei har fullført utdanninga ved høgskulen. Bakgrunnen for denne undersøkinga var at ein med jamne mellomrom bør undersøkje om utdanningane kvalifiserer kandidatane på den måten ein har føreset.

Eit poeng er også den umiddelbare nytten ein kan ha ved å nytte delar av undersøkinga i samband med informasjon og studentrekruttering.

Undersøkinga vart finansiert med 4/5 over avdeling for samfunnsfag sitt budsjett og med 1/5 av høgskulen sine strategiske midlar.

Det vart hausten 1998 skrive ein rapport på grunnlag av datamaterialet. Det er også aktuelt å gjennomføre ei ny kandidatundersøking allereie i 1999, og samtidig følgje opp respondentane frå den første undersøkinga. Møreforskning vil vere aktuell samarbeidspartnar også ved ei ny kandidatundersøking.

Kvalitetsarbeid

Studiekvalitetsnemnda ved avdelinga har ikkje kome i gang med arbeidet sitt. To av institutta har oppretta eigne fagutval/grupper (KPA og KKF) som skal fokusere på studiekvalitet. Det tredje instituttet (SOS) har evalueringseminar kvart semester. Det er berre nokre få av dei enkelte kursa ved avdelinga som vert evaluert skriftleg.

Forskning og fagleg utvikling

Tilsette ved avdelinga har arbeidd med fleire større forskings og fagutviklingsprosjekt i 1998, og avdelinga kan syne til

ein stor produksjon av skriftleg materiale i form av artiklar i tidsskrift, lærebøker, bidrag til lærebøker og førelesingar i inn og utland.

Skjematisk oversyn over vitenskaplege publikasjonar

Kategori	1997	1998
Tidsskriftartiklar, bidrag		
bøker	45	19
Bøker /rapportar		
utgjevne på forlag	6	2
Avslutta arbeid som		
ikkje er utgjeve på forlag	28	29
Konferansebidrag	58	34

Avdeling for samfunnsfag har 34 faglege stillingsheimlar og 2 bistillingar.

Dei siste åra har vore prega av sterk kompetanseoppbygging blant fag-personalet. Fleire av medarbeidarane er inne i doktorgradsprogram, eller andre kompetansegejvande løp, og avdelinga har gjennomført ei kandidatundersøking som dannar eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av studia våre. Det er tilsett fast i professorat, i tillegg er det tilsett professor i bistilling, ein medarbeidar har oppnådd professorkompetanse, og ein doktorgrad er avslutta i 1998.



Forsknings- og utviklingsarbeid

Generelt om forskningsverksemda

Målet for FoU-aktiviteten ved HVO er at forskning og fagutvikling skal bli meir omfattande og synleg i høgskulen, jf. strategiplan for forskning og utviklingsarbeid (dokument mai 1996). Andelen av den eksternt finansierte FoU-aktiviteten bør aukast. Høgskulen har samarbeidsavtale med Møreforskning Volda, og i 1998 heldt prøveordninga med felles forskningskoordinator fram. Høgskulen har også ein førstekonsulent, knytt til biblioteket, som arbeider spesielt med publisering og dokumentasjon. Forskningsorganiseringa skal evaluerast i 1999.

Forskningsutval og forskningsgrupper

Rektor er leiar av Forskningsutvalet ved Høgskulen. Leinga ved Møreforskning Volda og representantar for forskningsgruppene er medlemmer i Forskningsutvalet. I det utvida Forskningsutvalet er direktørane for dei to institusjonane med, i tillegg til prorektor, dekanar og hovudbibliotekar ved høgskulen, og ein representant frå Møreforskning Volda. I 1998 hadde Forskningsutvalet 8 møte og handsama 42 saker. Det utvida Forskningsutvalet hadde ikkje møte i 1998.

Forskningsgruppene er basis for organiseringa av forskningsverksemda. Gruppene er tverrfaglege og i dei fleste tilfelle avdelingsoverskridande. Arbeidet i gruppene er knytt til både kompetanseutvikling og oppdragsforskning. I 1998 var fem grupper i drift, og ei sjettede gruppe, Humanistisk forskningsforum, vart etablert mot slutten av året. Gruppene er:

- Gruppe for utdanningsforskning og kulturstudiar (GRUK)
- Gruppe for planlegging, organisering og styring (POS)
- Helse- og sosialforskningsgruppa (HOS)
- Faggruppe for kristendom og kyrkjefag (FAKK)
- Gruppe for media og samfunn (GRUMS)
- Humanistisk forskningsforum

Knutepunkt

Høgskulen i Volda har knutepunktfunksjonar i nynorsk skriftkultur og mediefag. Knutepunkta er basis for forskinga som skjer innanfor desse felta, og dei er integrerte i gruppestrukturen. Forskningsgruppene har fungert noko ulikt, og av aktivitetar kan følgjande nemnast:

- ei seminarrekke i vitenskapsteori med eksterne og interne forelesarar
- andre opne seminar med tilreisande

- fagfolk/forskarar
- faglege forum der forskarar og fagpersonar ale ved HVO/MFV legg fram tema, prosjekt, artikkelutkast o.l. for kommentarar og diskusjon
- møte i tilknytning til forskningsprogram og søknadsførebuing
- profilering av fagmiljøet i Volda nasjonalt og internasjonalt

Tidsbruk

Tidsbruk til FoU-arbeid varierer mellom ulike stillingskategoriar, men i gjennomsnitt var 30-35% av arbeidstida til fagleg tilsette avsett til FoU-arbeid i 1998. Eit utval som greier ut prinsipp og føringar for arbeidsplanar ved høgskulen vart sett ned i 1996, og i dette arbeidet vart mellom anna spørsmålet om ei meir formell differensiering mellom dei ulike stillingskategoriane drøfta. Dette kan t.d. innebere at dei med høgare fagleg kompetanse kan nytte større del av arbeidstida si til FoU-arbeid enn dei med lågare kompetanse. Arbeidsplanutvalet vil legge fram innstillinga si våren 1999.

Resultat

Publisering

Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda gir ut tre felles skriftseriar: Forskningsrapport, Arbeidsrapport og Notat. Ivar Aasen-instituttet ved HVO har eigen skriftserie: Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. I 1998 vart det gitt ut 7 forskningsrapportar, 22 arbeidsrapportar og 22 notat. Av andre skrifter vart det gitt ut eitt i samarbeid med Møreforskning Volda. Det vart ikkje gitt ut skrifter frå Ivar Aasen-instituttet i 1998. Mykje av produksjonen frå forsknings- og utviklingsverksemda ved høgskulen fell utanom skriftseriane. Det gjeld tidsskriftartiklar, bøker og rapportar

utgjevne på forlag, konferansebidrag og produksjonar frå mediefaga og dei praktisk-estetiske utdanningane ved HVO.

Forskningsdatabasen FORSDOK vart i 1996 teken i bruk for å synleggjere og dokumentere forskningsverksemda ved høgskulen på ein betre måte. Førebels har vi teke i bruk modulen FORSKPUB, der publikasjonar vart registrerte. Registering av forskningsprosjekt i FORSKPRO er det neste målet. Ei oversikt over den registrerte produksjonen ved Høgskulen i Volda i 1998 er vist i tabellen under. Tala er baserte på meldingar og registreringar frå dei tilsette. Det er grunn til å tru at det faktiske produksjonen er noko større enn tala i tabellen viser.

Høgskulen tok også i 1998 del i dei landsomfattande Forskningsdagane, i samarbeid med Møreforskning Volda. Dette er eit viktig tiltak for å synleggjere forskningsverksemda ved HVO. I perioden 21. – 24. september vart det halde 17 foredrag av tilsette ved HVO og MFV. I tillegg var det omvising for publikum i det nye Berte Kanutte-huset og demonstrasjon av bibliotektenester. Høgskulen ga ut flygeblad med program og ei eiga informasjonsavis med fyldig presentasjon av forskningsverksemda i miljøet. Fleire forskarar vart intervjuet i media. Programmet var lagt ut på internett, og vi var med i programavisa til Forskningsrådet.

Doktorgrader

Av fagpersonalet ved høgskulen (fast tilsette 1998) har 17 tilsette doktorgrad. To tok doktorgraden i 1998, og 19 er i gang med doktorgradsarbeid.

Oversikt over registrert vitenskapleg produksjon ved Høgskulen i Volda i 1998

FoU-arbeid	AHF	ALU	AMF	ASF	IAAI	Andre	Sum
Art. i internasjonale vitensk. tidsskrift	0	2	0	1	0	0	3
Art. i nasjonale vitenskaplege tidsskrift	4	7	0	7	0	0	18
Faglege bøker/lærebøker	9	2	0	2	1	0	14
Kapittel i faglege lærebøker	11	12	2	7	4	0	36
Andre FoU-resultat	29	65	21	69	1	1	186
Totalt	53	88	23	86	6	1	257

AHF: avdeling for humanistiske fag. ALU: avdeling for lærarutdanning. AMF: avdeling for mediefag. ASF: avdeling for samfunnsfag. IAAI: Ivar Aasen-instituttet. Tabellen syner kor mange vitenskaplege publikasjonar som er registrerte i databasen FORSKDOK innanfor desse kategoriane. Tala gjeld fast vitenskapleg tilsette. Dersom ein tek med alle kategoriane i FORSKDOK er det registrert 257 FoU-resultat i 1998.

Undervisning og opptak

Søkninga til høgskulen viste nedgang i 1998 samanlikna med tidlegare år, men var framleis svært god på mediefaga og ein del andre tilbod.

Opptaks- og studenttal

HVO hadde sakshandsamar- og opptaksansvar for om lag 2600 søkjarar i det nasjonale opptaket (SO).

HVO lyste ut 26 studietilbod gjennom SO, og 27 tilbod med lokalt opptak. Det melde seg i alt 14 171 søkjarar. Av desse var 11767 søkjarar til dei 1010 ledige plassane høgskulen lyste ut gjennom SO. 846 søkjarar til tilbod med lokalt opptak og 1558 søkjarar til etter- og vidareutdanningstilbod gjennom Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV).

Det vart teke opp i alt 1304 nye studentar hausten 1998: 830 kvinner og 474 menn. Studentane fordelte seg med med 600 på profesjonsutdanningane, 487 på årseiningane/grunnfaga og på examen philosophicum, mellom-/storfag/fag- og vidareutdanningar.

Totalt var det registrert 2196 studentar ved HVO hausten 1998, av desse var 1576 kvinner. Tilsvarande tal for våren 1998 var 2113 studentar og av dei 1470 kvinner.

Profesjonsutdanningane

Ved dei 12 fleirårige profesjonsutdanningane vart det registrert til saman 1451 studentar våren 1998, og talet auka til 1462 hausten 1998. Det er vanleg å tilby studieplass til fleire studentar enn ein har plassar fordi erfaringa viser at ein viss prosentdel takkar nei. Fleire enn venta takka ja til studieplass hausten 1998. Det førte til at m.a. store overopptak i lærarutdanningane, slik at allmennlærarutdanninga fekk 28 studentar meir enn måltalet for opptaket og førskulelærarutdanninga 20.

Med eit par unntak vart måltala godt oppfylte i profesjonsutdanningane.

Årsstudia, mellomfaga og storfaga

Ved dei 13 årseiningane/årsstudia/grunnfaga vart det hausten 1998 registrert 489 studentar. Fleire av studia hadde studenttal godt under måltala for opptaket – t.d. tysk og norsk. Dette vart delvis kompensert ved planlagt overopptak på andre studium – t.d. engelsk med måltal 35

studentar og 69 registrerte studentar hausten 1998. Dei fire mellomfaga i pedagogikk, kristendom, historie og norsk hadde nokolunde samsvar mellom måltal og registrerte studentar. Dei to storfaga i norsk og historie har opptak/studentar i vårhalvåret, og våren 1998 var det godt samsvar mellom måltal og registrerte studentar.

Nye studium

Vårhalvåret 1998 godkjende KUF historie storfag, og første kullet vart tatt opp same våren. Storfaget kan innpassast som deleksamen til historie hovudfag ved Universitetet i Bergen. Tysk mellomfag vart godkjent seinare på året, men på grunn av få søkjarar vart det ikkje sett i gang hausten 1998.

Høgskulen har dessutan fått godkjent vidareutdanning i rusproblematikk 10 + 10 vektal. Studiet skal ikkje etablerast med Volda som studiestad, men vere eit desentralisert tilbod i Midt-Noreg.

Kommunal planlegging og administrasjon er omorganisert, og HVO har fått godkjent omlegging til 3-årig studium (60 vektal) og eit påbyggingsstudium i offentleg planlegging, organisasjon og leiding (10 vektal).

Dessutan har NTNU godkjent dei to 10 vektaltalseiningane Drama 1 og 2 samla som ekvivalente med drama/teater grunnfag ved NTNU. Dei gir såleis grunnlag for opptak til mellomfag i drama/teater ved NTNU.

Desentraliserte tilbod i Kristiansund

Sidan tidleg på 1990-talet har HVO hatt desentraliserte tilbod i Kristiansund, og ein fagperson har arbeidsplassen sin der. I 1998 har høgskulen hatt i gang tre fleirårige tilbod i Kristiansund: 3-årig førskulelærarutdanning på deltid - over fire år (1997 – 2001) med 34 studentar i 1998. 1-årig praktisk pedagogisk utdanning (yrkesfag) som deltidstilbod over 2 år (1997-99) med 41 studentar. Pedagogisk arbeid på småskulesteget, første 10 vektal på deltid over 1 år (1998-99) med 22 studentar. Dei to første studia er gratis, medan det siste er betalingsstudium.

For andre avgiftsfinansierte tilbod viser vi til omtalen av Kontoret for etter- og vidareutdanning.

Fjernundervisning

Studieåret 1998-99 har HVO vidareført samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund (ODEL) om fjernundervisningstilbod i Pedagogisk arbeid på småskulesteget, 2. 10-vektaltalseining. Studiet har nasjonal rekruttering og blir avslutta våren 1999. I samarbeid med Folkets brevskole er HVO fagleg ansvarleg for fjernundervisning i Mediekunnskap 1. og 2. 10-vektaltalseining som er eit landsdekkande tilbod. HVO har dessutan samarbeidd med AV-senteret i Volda om fjernundervisning i informatikk 1. og 2. 10-vektaltalseining. Studiet er internettbasert og har nasjonal rekruttering.

Eksamen

I 1998 vart det uteksaminert 451 kandidatar frå profesjonsutdanningane (medrekna PPU), 597 kandidatar frå årseiningar/årsstudium, halvårseiningar/mellomfag og storfag - og 471 kandidatar frå avgiftsfinansiererte studium.

Samla studieaktivitet

Tal viser at HVO i 1998 hadde ansvar for opptak, registrering, eksamen, karakterar og vitnemål for til saman 2 938 studentar/personar.



Etter- og vidareutdanning

Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV) er ei eiga eining under studiesjefen sitt ansvarsområde, og har to faste stillingar.

Føringar for verksemda

Organisering av etter- og vidareutdanningsverksemda ved Høgskulen i Volda var oppe til handsaming i styret (sak 17/98) 12. mars 1998. Følgjande samrøystes vedtak vart gjort:

1. KEV skal vere Høgskulen i Volda sitt sentrale organ med ansvar for marknadsføring og gjennomføring av HVO sine kurs-, etter- og vidareutdanningstilbod.
2. KEV skal vere organisert som eiga eining underlagd studiesjefen.
3. Styret sluttar seg til den funksjonsfordelinga mellom KEV og avdelingane som er omtala i saksutgreiinga under punkt C, i hovudsak slik:
 - Avdelingane har ansvar for å utvikle nye tilbod i form av kurs og modular.
 - KEV får eit sjølvstendig ansvar for å initiere nye tilbod, t.d. tilbod som ikkje naturleg kan knytast til ei spesiell avdeling, eller som gjeld på tvers av fleire avdelingar. KEV kan dermed operere i skjeringspunktet mellom fag og administrasjon.
 - KEV har eit administrativt, samordnande ansvar for høgskulen si totale EV-verksemd.
4. Det må etablerast tette koplingar til avdelingane og mellom fagleg og administrativt leing for å kvalitetssikre arbeidet med etter- og vidareutdanning. Det blir oppretta ei referansegruppe knytt til KEV, som skal setjast saman slik: Rektor, direktør, studiesjef, dekanane og to brukarrepresentantar.
5. Styret sluttar seg elles til dei prinsipp som er skissert når det gjeld økonomiske tilhøve generelt, og deling av overhead når det gjeld EV-opppdrag, jf. punkt E 3 i saksutgreiinga. KEV blir bede om å arbeide vidare med å kvalitetssikre budsjettssystemet og rutinane i høve drifta.
6. Så langt som mogleg skal dei fagleg tilsette ved HVO nyttast som førelesarar ved dei EV-tilboda som høgskulen tilbyr. Avdelingane blir bede om å setje opp den enkelte sin arbeidsavtale slik at EV kan gå inn som del av arbeidsoppgåvene. Vi viser her til reglane i særavtalen om løns- og arbeidsvilkår.

7. Styret viser elles til «Lokale retningslinjer for oppdragsverksemd», vedteke 19.09.96, sak 55/96, og det sentrale reglementet.

8. Styret føreset ei evaluering av denne organiseringa av etter- og vidareutdanninga ved HVO etter 3 år.

Vidare har styret sagt følgjande i samband med drøftingar i sak 67/98 Budsjett 1999 – prinsipp og føringar: Det bør satsast meir på etter- og vidareutdanningsverksemd, slik at HVO kan skaffe seg større handlingsrom og fleksibilitet. Det skal utarbeidast ein plan for denne satsinga. Planen skal leggast fram for styret som eiga sak.

Aktivitet

HVO gjennomfører mange desentraliserte studium, i eigen regi og i samarbeid med andre utdanningsmiljø og operatørar. HVO har hatt stor aktivitet knytt til etterutdanning av lærarar i samband med REFORM 97, i samtlege kommunar i Møre og Romsdal. Kurstilbodet Lokal Agenda 21 har også generert mange oppdragsavtaler. Dette er ei oppfølging av Brundtlandkommissjonen sitt arbeid med miljø og utvikling på Riokonferansen. Vidareutdanningar: 35 studietilbod med 1094 studentar. Etterutdanningar: 1525 kurstimar med tilsaman 7465 deltakarar.

Økonomi

Totalbudsjettet på om lag 2,5 millionar kroner har balansert med ein liten og aukande gevist.

Brutto overskot:	Kr. 302.000
Overhead pålagd av styret:	Kr. 184.000
Netto overskot:	Kr. 118.000

Samarbeid

KEV har kontakt med eksterne miljø om ulike typar samarbeid innan etter- og vidareutdanning:

- AV-senteret i Volda
- BI Kristiansund
- Folkeuniversitetet i Møre og Romsdal
- Folkets Brevskole Fjernundervisning
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Familie- og sosialavdelinga
- Høgskulane i ODEL-nettverket
- Høgskulane i Lillehammer, Agder og Bodø/Rikstrygdeverket
- Kommunane i Møre og Romsdal
- Midt-Norsk kompetansesenter for rusfaget
- Senter for entreprenørskap i Sande kommune
- Sentralorganet for fjernundervisning (SOFF)
- Statens lærerkurs

- Statens Utdanningskontor i Møre og Romsdal
- Ulsteinkonsernet/NHO i Møre og Romsdal
- Universitetet i Bergen

Utviklingstrekk og utfordringar

Utdanningsinstitusjonar og tilbydarar av kompetansehevingstiltak blir stilt overfor eit auka press om å satse meir på etter- og vidareutdanningstilbod ut frå perspektivet om livslang læring. Dokumenta og prosessane kring NOU 25: 1997 Ny kompetanse, St.meld. nr. 42 (1997-98) Kompetansereformen og Innstilling S. nr. 78 (1998-99) har ført til ein større offentleg debatt om kompetansebehov og kompetanseutvikling. Statsbudsjettet for 1999 (St prp nr 1) presiserer under resultatmål for 1999 at dei statlege høgskulane må legge vekt på å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å kunne oppfylle rolla si i samband med kompetansereformen. Høgskulane blir vidare bedne om å arbeide aktivt for å auke den eksternt finansierte delen av verksemda. Oppdragsverksemd tilfører institusjonane kompetanse og verdifull kontakt med samfunns- og næringsliv.

- Sterk brukarorientering og større konkurranse, fleire aktørar
- Krevjande etterspørjarar av fleksible og skreddarsydde opplegg, t.d. på arbeids plassen
- Arbeidsdeling og krav om profilering innanfor nettverk av tilbydarinstitusjonar
- HVO sin regionale rolle i kompetansereformen
- Behov for ulike samarbeidsmodellar/samarbeidsavtaler
- Behov for forhandlarkompetanse
- Nye arbeids- og læringsformer, behov for IT-kompetanse/brukarstøtte
- Større krav til marknadsføring og informasjonsarbeid
- Meir intern samorning og arbeid med plandokument
- Avklare ressursbruk/økonomimodellar
- Ressursar til FOU-verksemd for dei som får undervisningsoppgåver på etter- og vidareutdanningsfeltet
- Ein godtfungerande internstruktur/fokus på kvalitetssikring av alle tenester.
- Fleire tilbod på tvers av avdelingsgrenser.

Referansegruppa for etter- og vidareutdanning blir svært viktig i den vidare prosessen med å planlegge, prioritere og samorganisere høgskulen sin aktivitet på dette feltet.

Biblioteket

Nytt hus

Arbeidet i biblioteket var i høg grad dominert av arbeidet med det nye huset: planleggje det, førebu flyttinga, flytte, ta det i bruk. I hovudtrekk var planlegginga klar i løpet av 1997, også på detaljnivå når det galdt bruken av romma og plasseringa av innreiinga, og med anbud på inventaret. Tidleg på våren 1998 vart reoltypane og leverandøren bestemte, og varene bestilte. Flyttedatoen vart sett til 10. juni. Denne våren laga biblioteket også ein detaljert flytteplan og fordelte oppgåvene mellom personalet.

Innflyttinga skjedde i tida 10. juni - 10. juli, med bibliotekets eigne folk + 4 innleigde karar. Det var bibliotek si eiga vurdering, etter ein runde hos flyttebyråa, at det var best å sjølv ha ansvar for flyttinga. Det var ein nokså komplisert prosess, med to avdelingar som skulle flettest saman, og mange samlingar som skulle ordnast på nytt. Med ein strålende innsats frå biblioteket sine eigne folk og frå dei innleigde hjelparane kom vi svært langt med integreringa, og kunne opne eit bibliotek med god orden. Ennå står likevel att ein del opprydding som biblioteket ikkje får tid til å gjere ved sida av vanleg drift. Ein del uferdige ting med utstyr og anlegg vart ordna etter kvart i løpet av haustsemesteret.

Biblioteket i Berte Kanutte-huset inneheld nå alle samlingane frå dei tidlegare bibliotek-avdelingane, lett tilgjengeleg og stort sett lette å finne fram i, eit bra utval dataterminalar for brukarane, og eit breitt utval ulike slags arbeidsplassar for publikum, også ein del gruppearbeidsplassar (som det aldri vil bli nok av). I alt ca 260 arbeidsplassar. Det har også nå eit lite kursrom for til bruk for mindre kurs og orienteringar. I store trekk fungerer det nye biblioteket svært godt, og får god omtale frå brukarane. Det kjem også mange på besøk, og det får samrøystes ros. Det har kome ein del kommentarar om støynivået: Sameleis som ute i kantina og korridoren er det mykje romklang i biblioteket, og vanleg tale - som vi oppmuntrar til - kan verke noko høgrøysta.

Ny organisasjonsplan

I løpet av 1997 arbeidde biblioteket ut ein ny organisasjonsplan for personalet; når alle skulle inn i same hus, måtte alle oppgåver gåast gjennom på nytt og sorterast på nye måtar. M.a. slik at dei to avdelingsbibliotekarstillingane fekk nytt innhald, den eine med hovudansvar for

samlingsretta oppgåver og den andre med hovudansvar for publikumsretta oppgåver. Det er framleis slik at alle opptrer i fleire roller, men det har blitt noko meir konsentrasjon i oppgåvene enn før.

Nye oppgåver

Biblioteket har lenge ynskt å gje ei betre innføring for brukarane i dei viktigaste arbeidsreiskapane i biblioteket. Det nye biblioteket, den nye organisasjonen og kursrommet har gjort det mogeleg å gå eit steg vidare med dette. Biblioteket tilbyr nå opne kurs for studentar og tilsette i ulike slag litteratursøk, og vonar at oppslutninga om desse korte kursa vert betre enn dei har vore til nå. For nye tilbod innan elektronisk tilgjengeleg informasjon kjenner biblioteket eit særleg ansvar. Sjå neste punkt.

Nye kunnskapskjelder

Informasjonsverda no er heilt ulik frå det ho var for berre eit par år sidan. I røynda kan ein ha om lag like god oversikt frå ein høgskule i Volda som frå kva institusjon som helst elles i verda. Biblioteket gjer stadig eit utval av dei mest lovande ressursane, og legg dei til rettes på heimesidene. (Det betaler også abonnementa, som det blir mykje pengar av.) Det er ei stor utfordring for bibliotekpersonalet å undersøke desse kjeldene, setje seg inn i dei og rettleie brukarane i måten å nytte dei på. Utan at høgskulen utnyttar desse ressursane, har han ikkje hausta fordelane av det internasjonale informasjonstilbodet.

Bibliotekdrifta held fram

Ved sida av alt dette heldt alle dei vanlege funksjonane fram, på same nivået som før. Det har gitt lite utslag for heile året at biblioteket var stengt i to månader. Her nokre tal frå trafikken:

	1997	1998
Lokalt utlån	36000	35788
Fjernlån ut	2800	2719
Utlån i alt	38700	38500
Fjernlån inn	3507	3193

Ein tendens som har halde fram i mange år er at forskjellen mellom inn og ut i fjernlånet minkar. Held det fram slik, yter vi snart like mykje til det nasjonale lånefellesskapet som vi tek mot frå det.

Kompetanseheving

Bibliotekpersonalet deltok i eksterne og interne kurs i den grad reisemidlane kunne dekkje dette. Stor nytte har vi hatt av Bibsys-kurs i Volda, der mange har kunna

vere til stades: Periodika-kurs i 1997 og Innkjøps-kurs i 1998. Biblioteket har eit stort behov for kurs, særleg fordi dei tekniske hjelpemidla utvidar horisontane for arbeidet så drastisk.

Ei av avdelingsbibliotekarane fekk ei tildeling av strategiske midlar, til Riks-bibliotekjenseren sitt program «Kompetanseutvikling i IT for ansatte i fag- og forskningsbibliotek». Biblioteket ytte også ein del til utdanninga frå biblioteket sin reiseport. Det er sær viktig at det kjem slike løyvingar til bibliotekpersonalet. Det hevar kompetansen i biblioteket og ved høgskulen.

Forskingsdokumentasjon

Dette er ei viktig oppgåve, som sorterer under biblioteket. For resultat av FOU-verksemd (publikasjonar, foredrag osv.) har høgskulen eit system som fungerer. 1997 vart det egentlege startåret for FORSKDOK, sjølv om opptakten var gjort i 1996. Førstekonsulenten har gjort eit stort nybrotarbeid her, og ein årsrapport for 1996 vart gjort klar. Registreringa er ferdig for 1997-produksjonen, og 1998-produksjonen er klar tidleg på våren 1999. Det må gjerast mykje arbeid undervegs, med å tilpasse systemet og oppmuntre dei tilsette til å rapportere. Basen vert betre utvikla steg for steg, og er det einaste fungerande nasjonale dokumentasjonssystemet. Men ennå står her att mykje utviklings- og instruksjonsarbeid, slik at forfattarane sjølve kan leggje inn i basen. Det som også står att, og som biblioteket førebels ikkje har ressursar til, er registreringa av prosjekt og annan forskingsaktivitet som det ennå ikkje har utfelt seg trykte publikasjonar av. Dette er ei viktig oppgåve både for den interne informasjonen ved HVO og den eksterne.



Informasjonsteknologi

Flyttinga

Mykje av våren gjekk med til å førebu flyttinga av infrastruktur til Berte Kanuttehuset. Fredag 8.mai vart alle nettverkstenarar, ruterar og andre fellessystem installerte i datamaskinrommet. Det er til saman 90 kontor i Berte Kanuttehuset. Tilsette på IT var dei første som flytta inn i kontora sine frå den 28.mai. Resten flytta inn i løpet av juni og litt ut i juli. Tele- og data vart omkopla etter ein oppsett flytteplan.

Nettverk for studentane

Det vart kjøpt inn eigen nettverksserver for studentane. Alle studentane har no fått e-post adresse og privat nett område til å lagre dokumenta sine. Systemet var i drift til semesteropninga og alle som møtte, fekk utdelt login og passord. Det er 2600 login-namn med alle heil- og deltid studentar. Ikkje alle tek datasystema i bruk. Det kan vere fleire grunnar til det. Ein del studentar er kanskje ikkje vant til å bruke ein PC og andre ordnar seg privat. På nettverket er installert Office 97 program, Netscape og Eudora til e-post.

100 nye studentmaskinar

I samband med Berte Kanuttehuset fekk høgskulen pengar til å utstyre dataromma med nye maskinar. Det vart kjøpt inn hundre maskinar til om lag 1.5 mill kr. Dei er fordelte på dataromma i andre og tredje høgda. Det vart innkjøpt eit digital språkstudio på det eine romet med 22 PCar og ein lærarmaskin. I tillegg har vi framleis datarommet på Aasen- og på Kaarstadhuset. Datarommet på Nedretun vart avvikla. Samla er det om lag 200 datamaskinar for studentane.

Digitale studentkort

Til semester opninga -98 fekk alle nye studentar nye ID kort. Det vart investert i programsystem, videokamera og ID kort skrivar. Systemet fungerer slik at først overfører ein data frå studentdatabasen Mstas. Så må alle ta bilete av seg. Når dei har signert, vart kortet skrive ut. I tillegg til studentinformasjon er det lagt inn Bibsys

opplysningar på kortet. Det vert arbeid med at ID kortet òg kan nyttast til dørlås, kopi og utskrift på nettverket.

Skjermbasert informasjonskanal

Det vart plassert ut tre TV skjermar til informasjon, ein i kvart av hovudbygga, Berte Kanutte-, Kaarstad- og Hans Strømhuset. Det er kopla på Telenor sitt Kabel TV. Der systemet nyttar ein ledig kanal til informasjon. Fleire i administrasjonen har fått opplæring i korleis dei kan oppdatere informasjonen og legge fram ny. Planen er at avdelingane skal kome sterkare inn med informasjon til studentane.

Utskifting av maskinar

Det skjer ein kontinuerleg utskifting av dei eldste PC-ane. I 1998 vart det kjøpt inn 50 nye maskinar til HVO. Desse vart delt ut til tilsette i samråd med avdelingane. Datanettet på HVO er, saman med Møreforskning og Studentsamskipnaden, på 450 datamaskinar. Dei beste av dei gamle PC ane vart sette i stand og delte ut til barnehagar og grunnskular som har øvingslærarar. Maskinane er fullt brukbare til enkel tekstbehandling. Det vart delt ut 28 slike maskinar i 1998, til 22 ulike institusjonar i Volda/Ørsta området. HVO

har fått gode tilbakemeldingar på dette. Nokre av dei tilsette på HVO har òg fått låne med seg gamle maskinar til heimebruk.

GroupWise

Novell si gruppevare GroupWise vart teke i bruk i desember. Vi får no både intern- og ekstern e-post i same systemet. Cc:mail, som vi har hatt sidan -93, er ikkje i bruk lenger. Det vart arrangert to-timars kurs for alle tilsette. Det var godt frammøte med 194 deltakarar på til saman 14 kurs. I tillegg er systemet til uttesting for rombooking i studieadministrasjonen, student-samskipnaden og driftspersonalet til HVO. Det har òg vore interne kurs i dette.

Personalkontoret

Ved utgangen av 1998 hadde personalkontoret følgende oversikt over personalet ved høgskulen: 143.5 faglege og 49.5 administrative heimlar. 260 personar er tilsette/engasjerte og utgjer 212.29 årsverk. Av desse er 147.11 årsverk faglege og 65.18 årsverk er administrasjon med bibliotek, drift og reinhald. Personalet har ein kvinneprosent på 37.7 %.

I tillegg kjem 23 fast tilsette øvingslærarar v/førskulelærarutdanninga, og ei rekkje personar er knytte til høgskulen gjennom div. oppdrag på timebasis.

I undervisningspersonalet har skulen no 15 tilsette med fullført doktorgrad og 5 har professorkompetanse. 7 av dei tilsette er knytte til doktorgradsprogram og 4 arbeider med hovudfag.

Etter søknad om kompetansevurdering i 1998 har 1 fått godkjent lektorkompetanse og 4 har fått godkjent førstelektor-kompetanse.

Det har gått til utlysing 36 stillings-annonnar:

Undervisning/vitskapleg:

22 annonser/41.5 stillingar (10 faste stillingar). 2 av desse er stipendiatstillingar.

Administrative/drift:

14 annonser (3 faste stillingar)

Personalpolitiske arbeid

Personalkontoret starta hausten -97 arbeidet med nye retningslinjer. Dokumentet «Personalpolitikk - retningslinjer for det personalpolitiske arbeid ved Høgskulen i Volda», vart lagt fram for styret og vedteke 13/3-98 (sak 21/98)

Løn

Med utgangspunkt i nytt regelverk om økonomiforvaltning innførte høgskulen frå 1.7.98 økonomisystemet Agresso. Systemet vart valt av KUF for dei statlege høgskulane, og vart innført som eit nasjonalt

prosjekt gjennom lokale prosjektgrupper. Omlegginga var svært arbeidskrevjande. For personalkontoret medførte den m.a. endringar i handsaminga av fast og variabel løn. Innføringa av nytt økonomisystem er nærare omtalt annan stad i årsmeldinga.

Lokale lønsforhandlingar

vart gjennomført i samsvar med økonomisk ramme fastsett av Arbeids- og administrasjonsdepartementet, utan at det i tillegg vart lagt inn i rammen eigne midlar frå høgskulen sitt budsjett. Protokoll vart underteikna 7.12.98.

Bygg og anlegg

Romsituasjonen for Høgskulen i Volda, vart vesentleg endra då Berte Kanutte-huset kunne takast i bruk i juni månad i 1998. Dette var hoveddelen av Statsbygg-prosjekt nr. 93036.

Berte Kanutte-huset

Hovedtrekka av disponeringa av Berte Kanutte-huset låg føre alt frå funksjonsanalysen frå Børøen & Helåen i 1993/94. Dei største endringane opplevde Student-samskipnaden som kunne flytte frå Åslidbygget til aust- og sør delen av Berte Kanutte-huset, 1. etasje. Stor endring vart det også for biblioteket som kunne samle sine aktivitetar over to etasjar i vestdelen av bygget. Dei andre hovedbrukarane i Berte Kanutte-huset er Avdeling for humanistiske fag, som flytte frå Lettbygget til 2. etasje, og administrasjonen med IT-kontoret som flytta frå Hans Strøm-huset 3. etasje til same etasje i Berte Kanutte-huset.

Møblar og utstyr

Som det går fram av rekneskapsoversynet disponerte HVO ei større løyving på post 45 til møblar og utstyr til nybygget. I

samråd med interiørplanleggarar Aslaug Marit Øyehaug og Benedikte Holmberg vart møbel- og utstyrsbestillingar ordna og leveringane kom på plass i samsvar med framdriftsplanane.

Post og trykkeri

Etter flyttinga sto driftsgruppa framfor nye oppgåver med fordeling av post og andre sendingar til brukarar som no er fordelte på tre bygningskonsentrasjonar.

Eit hustrykkeri kom også på plass i i Berte Kanutte-huset i 1998. Etter utlyst tilbod vart reinhald av Berte Kanutte-huset sett bort på kontrakt førebels til mai 1999.

Etter administrasjonen og biblioteket si utflytting frå Hans Strøm-huset har desse lokala blitt pussa opp, og visse justeringar i bygget er utførde hausten 1998.

Ombygging av Kaarstad-huset

Siste del av prosjekt 93036, ombygging av Kaarstad-huset, har vore under utgreiing og planlegging i 1998. Etter eit fasemøte i

Volda 10. juni 1998 kom det fram ei arbeidsdeling mellom Statsbygg Midt - Norge og Statsbygg Hovedkontoret for slutføring av desse oppgåvene. Framdrifta har likevel hange igjen, og mellom-bels leigelokal er forlengd vidare til sommaren 2000.

Kroa

Studentsamskipnaden disponerer også hausten 1998 krolokale i Hamna 20 med kontrakt som varer til november 1999. HVO har i brev til KUF søkt avklaring av rammene for engasjement i nytt studenthus. Høgskulen har enno ikkje fått konkret tilbakemelding på som kan vere grunnlag for forpliktande tilsagn om engasjement i studenthus.

Nytt økonomisystem

Det er innført nytt økonomisystem ved Høgskulen i Volda frå 1. juli 1998. Sentrale pålegg er den formelle bakgrunnen for denne omlegginga. Det er innført nytt økonomireglement i staten etter kongeleg resolusjon. Som ein konsekvens av dette, måtte høgskulen over på eit nytt data-program for økonomisystemføringa. KUF har valt system for alle dei statlege høgskulane. Dette systemet, AGRESSO, har vore i full drift som rekneskapsprogram ved vår høgskule sidan 1. juli i år.

Konsern

Økonomireglementet har krav om konsern-kontoordning for alle statlege institusjonar. Kort fortalt går denne ordninga ut på at vi får fullmakt til å disponere det tildelte budsjettet vårt ved å trekkje direkte på Noregs Bank, men på ein slik måte at sjølve betalingsformidlingsarbeidet vert utført av ein annan bank etter avtale. Høgskulen i Volda har inngått avtale med DnB som vår arbeidskontobank.

Rekneskapsføraransvar

Frå 1. juli 1998 har høgskulen også sjølv

teke over det formelle rekneskapsføraransvaret for vår verksemd. Dette fører til at det er vi sjølve som rapporterer rekneskapsopplysningane våre til Finansdepartementet, og det er vi sjølve som skal kontrollere at våre data er korrekt innkomne i statsrekneskapan.

Lønssystemet

Når det gjeld lønssystemet, vert det statlege systemet SLP framleis nytta. Det er ikkje ferdig utvikla eit lønssystem som fullt ut stettar krava i det nye økonomireglementet. KUF har oppretta ei arbeidsgruppe for eit lønns- og personalsystem som skal arbeide med sikte på å kome fram til eit standard system. Registreringa i SLP vert i dag utført av skattefuten etter oppgåve frå oss, og overføringa til AGRESSO er automatisert slik at vi unngår alt dobbeltarbeid. Denne ordninga fungerer inntil vidare.

Ny økonomimodell

Det meste av arbeidet, både på økonomi- og personalkontoret, har vore sterkt prega av dette omstillingsarbeidet i 1998.

Prosjektarbeidet starta i slutten av februar, og sjølv om det meste var godt planlagt, fekk vi ein svært hektisk haust. Det er utarbeidd ein ny økonomimodell for HVO som er tilpassa ein felles standard for alle dei statlege høgskulane. Nye rutinar er utvikla og komne på plass, og dei aller fleste av arbeidsoppgåvene våre er endra. Det er alltid vanskeleg å forestille seg i forkant kor mykje tid det går med når alt er nytt og nye rutinar må testast og justerast i tillegg til at kvar minste detalj må lærast. Vi fekk dessutan ein del heilt uforutsette problem som vi har brukt mykje tid på å finne ut av.

Det har blitt utarbeidd prosjektplan, og det viste seg alt tidleg på hausten at økonomikontoret fekk eit større etterslep i høve til denne planen. Dette gjekk spesielt ut over dei interne budsjettansvarseiningane ved høgskulen. Den interne informasjonen og oppfølginga vart ikkje som vi hadde planlagt, heller ikkje opplæring av spørjebrukarar. Administrasjonen kom likevel bra i mål med rekneskapsåret 1998 og har eit godt grunnlag for 1999.



Kommentarar til rekneskapan

Høgskulen i Volda fekk tildelt ei netto ramme til ordinær drift på vel 121,9 millionar kroner, og høgskulen fekk midlar til stipendiatstillingar m.m. over felleskapitlet for universitet og høgskular på kr 788 000. I tillegg fekk vi eit tilskot til større investeringar på vel 15,2 millionar kroner. Av dette var 13 millionar kroner øyremerka inventar og utstyr i nybygget. Inkludert overføringane frå 1997 var dei statlege overføringane 126 millionar kroner til driftsbudsjettet og 17,3 millionar kroner til investeringar og ombyggingar. Tabellen nedst på sida syner også at av ei total driftsramme på 152 millionar kroner, har vi skaffa inntekter på vel 8,6 millionar frå andre kjelder.

Det totale måttalet vårt i 1998 var 2 196 studentar, og totale heiltidsekvivalentar var i 1998 registrert til 2 144 inkludert eigenfinansierte studentekvivalentar frå verksemda for kurs-, etter- og vidareutdanning. Netto ordinære løyvingar per studentekvivalent i 1998 inkludert løyving til husleige, var etter dette velkr 56 800. Ser vi bort frå løyvinga til husleige, fekk vi tildelt vel kr 45 800 per registrert studentekvivalent.

Ut over dette har høgskulen rekneskapsført utgifter knytte til oppdragsverksemda på vel 2 millionar kroner. Tilsvarande sum og ein sum til inndekking av inntektskravet frå oppdragsverksemda er overført frå interimskontoar for oppdragsinntekter, til saman kr 2 274 000.

Ordinære utgifter utgjorde 129,2 millionar kroner eller 85 % av den totale disponible ramma i 1998, og av dette har 59,5 % gått til løn og 40,5 % til varer og tenester. Tilsvarande tal frå 1997 er 112,2 millionar kroner, 90,1 % av total disponibel ramme, fordeling 63,4 % til løn og 36,6 % til varer og tenester. Lønsumutgiftene sin del av den totale utgiftsposten til ordinær drift har vore aukande dei siste åra. På grunn av nybygget har denne delen minka i år.

Tabellen på neste side viser rekneskapstala for 1998 delt på driftspostar og med høve til å sjå på utviklinga frå og med 1996.

Denne tabellen gir også eit oversyn over korleis dei ordinære driftsutgiftene fordeler seg på dei ulike driftspostane. Av totale driftsutgifter til varer og tenester på 52,5 millionar har 28,9 millionar kroner gått til drift av bygningar, av dette 23,6 millionar til husleige.

Kjelde

Kvar midlane kom frå i 1998

			1997	
Nettoløyvingar frå KUF til ordinær drift	121 942	80,2 %	106 438	85,4 %
Spesielle løyvingar over kap 0281	788	0,5 %	0	0,0 %
Løyvingar frå Statens lærarkurs	170	0,1 %	328	0,3 %
Overføringar frå 1997 til ordinær drift	3 190	2,1 %	2 325	1,9 %
Løyvingar frå KUF til store investeringar m.m.	15 217	10,0 %	5 845	4,7 %
Overføringar frå 1997 til store investeringar m.m.	2 092	1,4 %	1 209	1,0 %
Inntekter til ordinær drift	6 380	4,2 %	6 566	5,3 %
Inntekter frå oppdragsverksemda, overført frå interimskontoar	2 274	1,5 %	1 891	1,5 %
SUM	152 053	100,0 %	124 602	100,0 %

Bruk

Slik vart midlane nytta i 1998

			1997	
Lønsumutgifter knytte til ordinær verksemd	76 897	50,6 %	71 131	57,1 %
Varer og tenester knytte til ordinær verksemd	53 325	34,4 %	41 091	33,0 %
Stipendiatstillingar	538	0,4 %	0	0,0 %
Utgifter knytte til Statens lærarkurs	170	0,1 %	328	0,3 %
Overføringar til 1999 til ordinær verksemd	2 540	1,7 %	3 107	2,5 %
Store investeringar m.m.	12 933	8,5 %	4 962	4,0 %
Overføringar til 1999 til store investeringar m.m.	4 376	2,9 %	2 092	1,7 %
Utgifter knytte til oppdragsverksemda	2 036	1,3 %	1 653	1,3 %
Inntekter frå oppdragsverksemda overført til KUF	238	0,2 %	238	0,2 %
SUM	152 053	100,0 %	124 602	100,0 %

Rekneskapen

(alle tal i heile tusen kroner)

Post	Postnemning	Rekneskapstal		Ramme frå KUF	
		for 1996	for 1997	for 1998	for 1998
	<i>Utgifter ved ordinær drift (kapittel 0274 og 0281)</i>				
01.11	Organiserte stillingar, sum	49,446	51,374	55,790	
01.12	Engasjerte og ekstrahjelp	812	928	866	
01.13	Deltidsløner, sum	7,279	7,539	8,452	
01.15	Reinholdspersonell	1,721	1,734	1,907	
01.17	Styrer, utval	31	46	58	
01.19	Vikarstipend	299	710	746	
01.18	Arbeidsgjevaravgift	8,402	8,800	9,566	
	Sum ordinære lønsutgifter	67,990	71,131	77,385	
01.21	Maskiner, inventar, sum	1,935	1,858	1,401	
01.22	Forbruksmateriell	4,308	4,346	4,673	
01.23	Reiseutgifter m.m.	4,961	5,115	5,920	
01.24	Kontortenester m.m.	2,765	2,720	3,018	
01.25	Konsulenttenester	1,589	1,209	600	
01.26	Bøker, tidsskrift og andre driftsutgifter	6,904	6,672	7,898	
01.27	Vedlikehald transportmidl. m.m.	11	17	24	
01.28	Vedlikehald bygg, anlegg	175	87	78	
01.29	Drift bygningar, lokalleige	19,348	19,395	28,933	
	Sum ordinære utgifter til varer og tenester	41,996	41,419	52,545	
	Sum brutto ordinære løns- og driftsutgifter	109,986	112,550	129,930	131,034
	<i>Inntekter ved ordinær drift (kapittel 3274)</i>				
02	Sal av materiell/refusjonar	3,404	4,256	4,074	3,614
11	Kursinntekter	1,987	1,414	1,177	1,330
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	891	555	31	
16	Refusjon fødselspengar	284	341	1,098	
	Sum totale inntekter 1996/1997/1998/inntektskrav -98	6,566	6,566	6,380	4,944
	Sum netto ordinære løns- og driftsutgifter	103,420	105,984	123,550	126,090
	Nettoramme frå KUF	105,744	109,091	126,090	
	Overføringar til neste år frå den ordinære drifta	2,324	3,107	2,540	
	<i>Investeringar/ombyggingar (kap. 0274 og 0281)</i>				
45	Store nyinnkjøp	4,936	4,962	12,933	17,309
	Sum investeringar/ombyggingar	4,936	4,962	12,933	17,309
	Total ramme frå KUF	6,145	7,054	17,309	
	Overføringar til neste år frå investeringar /ombygging	1,209	2,092	4,376	
	<i>Oppdragsverksemd (kapittel 0274 og 3274)</i>				
21	Sum oppdragsutgifter	1,198	1,653	2,036	
01	Sum oppdragsinntekter	1,364	1,891	2,274	
	Inntektsoverskot ved oppdragsverksemda	166	238	238	
	Pålagd tilbakeføring av oppdragsinntekter	238	238	238	238

Kontoplanen er endra frå og med 1.1.1998. Dette har mellom anna ført til at innhaldet i underpostane 01.25 og 01.26 er endra. Ramma inkluderer overføringar frå føregåande år og tildelingar frå Statens lærarkurs.

– Vonar at nybygget kan vere til inspirasjon

Då MRDH-V og Volda lærarhøgskule vart slått saman til ei eining i 1994, vart det frå høgskulane ytra sterke ønske om at den nye høgskulen sine forskjellige bygningar måtte knytast sterkare saman, og at det nye fellesbygget skulle framstå som eit knutepunkt og hjarte i det framtidige høgskulesenteret. Tomta til det nye høgskulebygget, på Røysmarka, midt i mellom dei to tidlegare utdanningsinstitusjonane, opna for dette. – Vi såg at det nye bygget kunne utviklast langs den naturlege sambandslinja mellom dei to tidlegare høgskulane, langs det vi kan kalle livsnerven i campus-området, seier Petter Aasen i arkitektfirmaet Bovim-Fuglu-Svingen Arkitekter AS.

Per Arne Brandal

– For at bygget skulle bli ein god møtearena for alle, følte vi at nybygget med sine viktige fellesfunksjonar måtte ha eit likeverdig forhold til dei to tidlegare høgskuleanlegga, seier sakshandsamar Aasen.

Gangveg gjennom bygget

Den naturlege ganglinja mellom dei to tidlegare høgskulane er ført rett gjennom Berte Kanutte-huset, og danne ei livleg gate, eit lineært torg der sentrale funksjonar som kantine, studentkontor, studentsamskipnad og bibliotek presenterer seg.

– Vi vonar at gata, eller torget om du vil, kan bli ein uformell møtestad for studentar og tilsette. Dette er hjartet i fellesbygget og vil kunne vere med på å gi høgskulen eit levande og dynamisk studiemiljø. Eit godt læringsmiljø er ikkje berre avhengig av den formelle undervisninga, men også i høg grad av den uformelle kontakta og meningsutvekslinga mellom lærarar og studentar. Omsynet til dette har vore grunnleggjande for val av løysingskonseptet, forklarar Petter Aasen.

Eit hus med særpreg

Uansett kva ein måtte meine om Berte Kanutte-huset, kan vel dei fleste bli samde om at huset har særpreg der det ligg med sitt langstrakt midtbygg og dei karakteristiske bygningskroppene som alle er ulike i form, konstruksjon og materialbruk.

Midtskipet

har fått ei enkel form som i følge arkitektkontoret gir "stabilitet til volumoppbygginga". Den enkle fasaden blir sterkt prega av ein gjentatt bruk av det smale og høge vindusformatet. I denne delen av bygget finn vi i andre og tredje etasje kontora for Avdeling for humanistiske fag og fellesadministrasjonen, undervisningsrom, datarom og språkstudio.

Biblioteket

Den karakteristiske raudfarga sirkelforma bygningskroppen med dei utoverhellande vindaugo rømer biblioteket i to etasjar. Interiøret har fått ei mjuk, rund og samlande form som avspeglar det ytre formspråket. Ei intern trapp lagar opning mellom etasjane, og overlys let sol og lys flomme ned i begge etasjane.

Kantine og vrimeleareal

Mot sør ligg felleskantina. Denne har fått ei opa og lys løysing med god kontakt til den indre gangvegen. Området er også delvis ope mot messaninen i andre etasje. Golvet i kantina er lagt i fleire avsatsar. Slanke berekonstruksjonar med stålsøyler, gitterdragarar og stålbjelkar er med på å gje kantina eit spesielt og karakterfullt uttrykk.

Store vindaug gir god opning mot landskapet og fjorden. Kloss inntil kantina ligg Røystunet, som med sine gamle bygningar og karakteristiske store tre har miljømessig og historisk verdi. Samspelet med garden gir trivelege og veldefinerte uterom i tilknytning til inngangen mot vest. Dei skrå takflatene er tekka med sink, som med tida vil få ein patina som står i stil med

den ubehandla lerkekleddinga på midtseksjonen.

Auditorium og spesialrom

Dei to auditoria i Berte Kanutte-huset ligg delvis under bakkenivå mot nord, og er plassert slik at det er god kontakt til andre fellesareal og seminarrom. Det store auditoriet er på 208 m², det vesle på 84. Av andre undervisningsrom kan nemnast mange nye datarom, lesesalar og språkstudio.

Fasadane

Midtskipet er kledd med ubehandla sibirlerk utført som ståande vestlandskledning. Tilstøytande veggjar og utvendige himlingar er utført i olja kryssfiner eller som ståande sink-tekka flater. Enkelte parti er kledd med skiferstein. Glasfasaden i kantina er utført i trevindu med store faste felt i finér eller trepanel.– Du spør om tankane våre når vi ser det ferdige resultatet. Vi føler at resultatet samsvarar godt med det som var målet då vi starta opp. Vi er veldig godt nøgde, og vonar at de som skal bruke bygget finn dykk til rette og vil trivast og inspirerast i Berte Kanutte-huset, avsluttar Petter Aasen.



Styret

Styresamansetjing i perioden 1. august 1997 - 1. august 1998

Interne representantar

Rektor: førsteamanuensis Gunnar Stave, styreleiar
Prorektor: førsteamanuensis Arne Kåre Toppol, nestleiar
Professor Per Magne Aadnanes (ASF)
Høgskulelektor Marie Nedregotten Sørbo (AHF)
Professor Peder Haug (ALU)
Frstesekretær Hilde Trandal (Biblioteket)

Interne vararepresentantar

1. Førsteamanuensis Gunnar Strøm (AMF)
2. Høgskulelektor Arnfinn Haug (ALU)
3. Førsteamanuensis Roar Amdam (ASF)

Konsulent Ragne Ørstavik Sørheim (Kontor for studieadministrasjon)

Studentrepresentantar

Vibeke Bergsholm, 2. Informasjon
Gunnar Otto Norby, 1. Fjernsyn

Student-vararepresentant

Kirstina Reitan, 1. Informasjon

Eksterne representantar

Kommunelege Bjørn Martin Aasen
Oppvekstsjef Haldor Aasebø
Lektor Aud Folkestad

Eksterne vararepresentantar

1. Politisk redaktør Harald Kjøllås
2. Seniorrådgjevar Sverre Devold
3. Trykkesjef Beret Melle

* Studentrepresentantane blir valde for 1 år. Andre styrerepresentantar blir valde for 3 år.



Høgskulen i Volda
Boks 500 6101 Volda

Tlf: 70 07 50 00 Faks: 70 07 50 51 www.hivolda.no